



Dette er nemnda som har ansvaret for jubileumsprogrammet: Møyfrid Kristoffersen, Bjørgulv Eik, Hans Reidar Kjærland, Kristian Bringedal, Ingunn Olsen, Selma Eik og Gunnbjørg Eik

Uskedalskyrkjas 100 år vert toppa med jubileumsgudsteneste 28. september og ein biskop toppar gjestelista. Rett nok vart kyrkja vigsla 16. desember i 1914 men ein fant at ei markering eksakt på denne datoen ville vera for seint på året. Jubileumsåret vil få mange toppar, gjekk det fram av lista som jubileumsnemnda la fram i kyrkja ikveld. Og programmet er prega av respekt for kyrkja og for tradisjonane som er knytt til ho-

Fyrste halvåret er 'klubba' medan andre halvåret førebels ikkje er planlagd i detalj. Stikkordmessig er dette programmet fram til hausten:

- * 19. januar: Sokneårsmøte med sak om innføring av ny salmebok. Uskedalen og Rosendal er prioritert.
- * 28. januar; Salmekveld med salmar av Mathias Orheim frå Nordfjord
- * 8. og 9. februar: Tårnagenthelg for 9-åringane
- * 21. mars: Sørstatsgospel ved Focus Kvartett frå Austevoll
- * 6. april: Jubileumskonsert med lokale grupper og kantor Håvard Skaadel som gjest.
- * 11.april: Presentasjon av jubileumsboka med fotokåseri
- * 10. mai: Myldrestund, trusopplæringstiltak for dei 3 fyrste klassane.
- * 15. juni: Gamaldags kyrkjeferd slik ho var for 80 år sidan
- * 13. juli: Friluftsgudsteneste på Skorpo
- * 28. september: Jubileumsgudsteneste med fest på Helgheim

På haustparten vert det mellom anna songprogram i samarbeid med skulen. 18. oktober står samtale med 3 lokalt tilknytte professorar på pogrammet. I november kjem ein ny salmekveld - då med salmar av Trygve Bjerkeim. Julekonserten er 14. desember.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Nemnda som har arbeidd med jubileumsboka: Møyfrid Kristoffersen Tormod Myklebust, Bjørgulv Eik, Hans Ordin Østebø og Kaare Skaala (forfattar)